

Kunngjering

Yndestad Kraftverk AS - søknad om løyve til å byggje Yndestad kraftverk i Kvamselva i Gaular kommune, Sogn og Fjordane

Yndestad Kraftverk AS søker om løyve til å byggje Yndestad kraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg i Kvamselva i Gaular kommune. Kraftverket får ein installert effekt på ca 400 kW og ein årleg produksjon på ca. 1,2 GWh. Kraftverket vil få ei røyrgate på ca. 90 m. Kraftstasjonen vil liggje på nordsida av elva på kote 43. Det er ikkje naudsynt med nye vegar for å gjennomføre utbygginga. Kraftverket vert knytta til eksisterande 22 kV nett med ein 150 m lang jordkabel.

Saka vert handsama etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden er lagt ut til offentleg ettersyn på servicekontoret i Gaular kommune og på NVE sine nettsider www.nve.no/smaakraft fram til 22. desember 2008.

Vi ber om at merknader til søknaden vert send til NVE elektronisk via www.nve.no/smaakraft så snart som mogeleg og seinast innan 22. desember 2008. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjons- og tilsynsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.